

Frå Lars Lygre og Rita Fløholm

Lurevegen 1498

5912 Seim

Lygra 18/6-2017

Statens vegvesen

Ref16/106793-17

Klage på avkøyrsvetdakt etter veglova på Fv 404; gnr/bnr 58/7 Lindås.

Vi syner til dykkar brev av 15/05 der de likevel innvilger oss klageadgang på fatta avslagsvetdakt. På vårt spørsmål om kvifor Statens vegvesen vel å endre normal saksgang mellom to møter i PMU i Lindås kommune, viser de i brev til oss av 14/06 til eit generelt rundskriv frå Miljøverndepartementet som rettferdiggjjer slik kuvending i saksgangen. De viser også til at Lindås kommune undervegs bestillte nemnde sakshandsaming etter veglova under ein pågåande prosess etter P&B-lova uten å opplyse om på kva bakgrunn dette skjedde. Vi bestrider ikkje retten til at de gjer om på normal saksgang, men vi som er part i denne saka etterlyser grunngjevinga for denne endringa - i særleg grad når vi studerer korrespondansen mellom vegvesen og kommune i forkant. Når Statens vegvesen ikkje vil opplyse om dette, vil vi ta saka opp med Lindås kommune i samband med klagebrev til fylkesmannen. Vi meiner at dette er brot på Statens vegvesen si almindelege opplysningsplikt til den part saka gjeld.

Dersom det er utarbeida rammeplan for avkjørsler og denne er innarbeida i kommuneplanen, skal søknaden og klager behandlast etter P&B-lova. Etter P&B-lova vil det normalt bli gjort ei breiare samfunnsmessig vurdering av saka enn etter veglova.

Til klagesaka : Etter Statens vegvesen sine eigne retningsliner for avkjørslesaker ( Handbok R701 ) , skal vegvesenet ta utgangspunkt i dei faktiske tilhøva på staden – altså status knytt til den omsøkte og konkrete avkjørsla.

Vidare har Samferdsledep i sine retningsliner skrive at «Dersom et avkjørsleløyve ikkje vil kome i strid med omsyn som gjeld vegen og ferdsla, herunder først og fremst trafikktryggleik og vegen sin transportfunksjon, **skal** løyve gjevast. Løyve til avkjørsle kan ikkje nektast på anna grunnlag enn det som har med desse omsyna.

Når det gjeld sjølve klagen på vedtaket, vil vi bringe inn 2 moment som inviterer til at Statens Vegvesen omgjer sitt eige vedtak.

1. Denne vegstrekninga ut til Lygra er ein blindveg og har svært avgrensa transportfunksjon og transportvolum. Den stoppar om lag 1 km etter omsøkt avkjørsle og på denne strekkja er det no berre att 6 -7 bebudde hus. Dette er ei avviklingstruga grend. Lyngheisenteret representerer avgrensa bilbasert trafikk fortrinnsvis i helgane i sommarhalvåret. Dette er

ein lavtrafikkveg langt under øvre grense på 500 årsdøgnstrafikk. Statens vegvesen nemner 250. Vi trur dette er også er eit høgt estimat.

Vegen i seg sjølv er svært smal, svingete og uoversiktleg på ein strekning som er tett budd med mange avkjørslar. Farten på vegen avgrensar seg sjølv og er neppe meir enn 30 – 50 km i timen. Høgare fart enn dette er både uforsvarleg og ikkje opplevd praksis.

Sjølv om her ikkje er nedsett fartsgrense meiner vi det blir feil å legge til grunn 80 km/t som dimensjonerande fart her.

Vi meiner at Statens vegvesen lyt ta standpunkt til faktiske tilhøve på staden og ikkje leggje til grunn 80 km/ t med ein veg som har stort trafikkvolum. Begge deler er feilaktig. Vegvesenet forpliktar seg i nemnde Handbok for øvrig å leggje distriktsomsyn til grunn for sin skjønnsutøving. Denne saka bør ligge langt under radaren for kvar Statens vegvesen bør bruke musklar. Statens vegvesen bør tvert imot føreta ei vurdering av at fartsgrensa er 80 km/t på Lygra – som faktisk er det mest tettbudde grendasamfunnet etter Seim.

2. Ny avkjørsle inneber at ei svært fårleg utkjørsle vert avvikla for godt : Dagens utkjørsle frå bruket har spiss vinkel og om lag 17% fall direkte inn i uoversiktleg sving med 2.5 m bredde og med bratt skrent på nedsida. Dette tilhøvet har både kommune og vegvesen sjølv skildra i sakspapira og er ei vurdering som lokalsamfunnet alle sluttar seg til. Innvilgning av omsøkte avkjørsle inneber ei trafikksanering av stor betydning som alle partar vil tene på og som vil skje frivilug med alle dei fordelar det inviterer til.

Oppsummert :

Vi er dermed faktisk usamde med vegvesenet sin oppsummering om at dei trafikkmessige fordelane som ein oppnår ved å stenge dagens avkjørsle frå bruk nr 7, ikkje vert vegd opp av ulempene dersom det medfører ytterlegare bruk av avkjørsle på bruk nr 3. Vegvesenet må revurdere dette standpunktet og for øvrig legge til grunn i si skjønnsutøving at på sikt er det pårekeleg at både aktiviteten på dette bruket og eksisterande bustadhus vil verte endra med påfølgande belastning på dagens utkjørsle. Oppsummert : Vi ber Statens vegvesen grundig vurdere våre ankepunkt og omgjere sitt eige vedtak. Me er elles tilgjengeleg for dialog om saka.

Med helsing

Lars Lygre

Rita Fløholm